



ASTRHEIM KOMMUNE

Plan, bygg, oppmåling og miljø

Vest Vvs AS
c/o Christine Westervik Vest VVS AS Apalen 17
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/4985 - 20/8934

Saksbehandlar:
Asbjørn Nagell Toft
asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Dato:
17.12.2020

Utsleppsløyve til gbnr. 132/36 og løyve til tilkobling til kommunalt vatn - Utkilen

Administrativt vedtak. Saknr: 218/20

Vi syner til søknad motteke den 16.12.2020.

Vedtak

Det vert på vilkår gjeve utsleppsløyve for to hus i medhald av naturmangfaldslova §§ 8-12 og forureiningslova § 11 samt forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5.

1. Bergen Havn må gje løyve til utlegging av felles avløpsleidning i sjø i forhold til hamne- og farvasslova.

Det vert gjeve løyve til tilkobling til offentleg vassleidning som omsøkt for to bustadhus på følgjande vilkår:

1. All tilkobling skal skje i kum.

Saksutgreiing:


Tiltak

Søknaden gjeld etablering av utslepp til sjø i ein felles sjøleidning via ein 12 m³ felles slamavskiljar frå to bustadhus. Omsøkt tiltak er i samsvar med plan for området. Arealet i sjø har arealføremål *Bruk og*

vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone. Arealet der huset skal byggjast er *LNF-område med spreidd bustadutbygging*. Husbygging her er i tråd med kommuneplan som vart godkjent den 11.04.2019.

Ut fra de opplysningene Austrheim kommune har mottatt kan me ikkje sjå at tiltaket vil vera problematisk etter havne- og farvannsloven, men dette er noko Bergen Havn ved Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS skal vurdera og gjera vedtak om før utlegging av avløpsleidning kan skje. Søknad må sendast dit av tiltakshavar/søkjær. Legg gjerne ved dette vedtaket.

Det er søkt om tilkobling til offentleg leidningsnett for vatn på land frå to hus. Vassleidningsarbeidet i kommunal regi over Utkilen er ferdig i løpet av våren 2021, og då kan det koblast til vatn til husa som er planlagt på eigedomen her. Tomten er vist i kart under, den viser hus 1 og hus 2:



Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det ligg føre merknader i samband med nabovarslinga på denne eigedomen. Desse legg ved søknad og er frå:

Gisle Utkilen. Eigar og bur på 132/27. Nabomerknad er datert Utkilen den 30.11.2020

Gro Utkilen. Merknad er datert den 26.11.2020. Ho eig gbnr. 132/11.

Dei hadde ikkje merknad til avløpsløyvet eller tema som gjeld denne søknaden. Deira merknad vil vert handsama i byggesaka.

Ansvarsrettar og løyve til tiltaket etter plan-og bygningslova vert teke i samband med byggjesøknad. Erklæring om rett i fast eigedom er vedlagt, den er datert den 14.12.2020. Naboerklæring er datert

den 14.12.2020. Det privatrettslege er såleis på plass, avtalane må tinglysast. Kart er lagt ved som viser trase for lediningar og kummar og slamavskiljar på 12m3.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no. Kommunen finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Vestland.

Lokal forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg for Austrheim kommune godkjent i kommunestyret 2018 skal følgjast.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehalar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering. Dette vert gjort i byggjesøknad.

Konklusjon:

1. Det vert gjeve utsleppsløyve som omsøkt til to hus. Slamavskiljaren skal plasserast og utformast slik at tömming av alle kammer er mogleg. Plassering og tilkomst skal oppfylla gjeldande krav i forskrift for slamtømming i kommunen. Slamavskiljaren skal tömmast heilt for slam etter trong, men ikkje sjeldnare enn kvart andre år for heilårsbustadar.
2. Det vert gjeve løyve til tilkobling til kommunal vassleidning for to bustadhus som er planlagt bygd her. Kommunen finn at det kommunale vassleidningsnettet på staden er dimensjonert for vasstilkoblinga.

Leidningsnett skal utførast som skjult anlegg i terrenget. Terrenget skal førast tilbake til opphavleg tilstand etter at leidningsnettet er lagt. Anlegget og leidningar må vera frostsikre og ha tilstrekkeleg yteevne under alle normale klimatilhøve.

For tilstrekkeleg fortynning og innlagring av avløpsvatnet må utsleppsdjup som hovudregel vera større enn 10 meter for utslepp inntil 25 pe, men minst 20 meter frå land og minimum 100 meter frå ålmenn nytta badeplass.

Avløpsleidninga skal vere neddykka og forankra i heile si lengd på ein slik måte at den ikkje flyt opp eller endrar leie. Lodd skal vere av betong og ha avrunda form og innfelte boltar, slik at dei ikkje skadar eller festar fiskereiskap.

Eigaren av avløpsanlegget er ansvarleg for at anlegget til ei kvar tid vert drive og vedlikehalde slik at alle krav vert følgd.

Avløpsanlegget skal dimensjonerast, byggjast, drivast og vedlikehaldast slik at det har tilstrekkeleg yteevne under alle klimatiske tilhøve som er normale for staden der det ligg og slik at omgjevnadane ikke vert utsett for sjenerande lukt.

Anlegget si plassering på tomta skal kunne dokumenterast, og slik dokumentasjon skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket i samband med byggesaka.

Ingen delar av anlegget må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Ved handsaminga av denne saka har kommunen teke omsyn til den sivile beredskap og samfunnstryggleik.

Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Dersom byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette utsleppsløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1.

Det vert sett vilkår om at all tilkobling til kommunalt leidningsnett vert gjort i kum.

Med helsing
Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Kopi til:

Alf Kvant
Bjørn Bjørge Torsvik Størkersen

Mottakere:

Vest Vvs AS	c/o Christine	5915	HJELMÅS
	Westervik Vest		
	VVS AS Apalen 17		